

## VEDLEGG 1

### Tiltaksliste

Følgjande tiltaksliste er lokale IAMU sine egne forslag til tiltak i innsende svarskjema:

#### Tiltak ARENA:

- 1) Informasjonsmøte for alle tilsette om leiinga sitt ansvar for HMS og verneombodsordninga.
- 2) Møte mellom verneombod og leiinga om dei spørsmål det var vanskelegast å svare på

#### 3) Tiltak FAKADM:

- 1) Innkjøp av omnar, men helst større oppgradering av etasje/bygg
- 2) Informasjon om verneordning/brannvern/HMS i avdelingsmøte og hyppigare slike møte
- 3) Kompetanseutvikling som leiaransvar
- 4) Betre kantinetilbod

#### Tiltak EXFAC:

- 1) Inkorporere EXFAC i større fagmiljø (og sosialt miljø)
- 2) Tipse kvarandre internt om relevante forelesingar, kurs og konferansar. Skape plattform for fagleg diskusjon

#### Tiltak ISS:

- 1) Legge opp til mjukare start for nytilsette som ikkje har hatt undervisningsoppgåver ved instituttet tidlegare.
- 2) Gjennomføre velkomstforelesingar for nytilsette for å synleggjere kompetansen deira for resten av fagmiljøet

#### Tiltak ISV:

- 1) Legge til rette for betre informasjonsflyt mellom vedtaksorgan og stab
- 2) Etablere breiare forum for ålmenn diskusjon av saker som er viktige for ISV
- 3) Synleggjere gjesteforskarar betre gjennom presentasjon i tysdagsseminar
- 4) Etablere naturlege fysiske møteplassar for tilsette, t.d. kaffimaskin

#### Tiltak PSI:

- 1) Oppprioritere om HMS og vernetenestene og informere tilsette
- 2) Verne forskingstida gjennom betre utteljing for verv (og treningstid)
- 3) Innføre betre rutinar for og mottak av nye medarbeidarar
- 4) Etablere eit hyggeleg lunsjtilbod for tilsette
- 5) Systematisk gjennomgang av det fysiske arbeidsmiljøet

**Tiltak SAI:** (SAI vil vente med å foreslå tiltak til etter grundigare kartlegging og har desse fokuspunkta for ei slik kartlegging):

- 1) Synleggjere verneombodsrolla for dei tilsette, særleg når det gjeld psykososiale forhold
- 2) Fysisk tryggleik på feltarbeid

#### Tiltak TIK:

- 1) Vidareutvikle felles møteplassar for samarbeid internt
- 2) Utvikle nye rutinar for mottak av nytilsette (t.d. fadderordning)
- 3) Klargjere rutinar i forhold til stipendiatar som går over tida (kontor plass, ekstra rettleiingstid mm)

#### Tiltak ØI:

- 1) Betre mottaking av nytilsette
- 2) Etablere fleire møteplassar – også faglege.
- 3) Gjere noko med mørke etasjar
- 4) E-post frå leiinga når nokon byrjar/sluttar